

Mottakarar etter liste

Dykkar ref.:
Sakshandsamar: HES
Vår ref.: 08/3813
Dato: 24.03.2010

Nybyrjarstilling for legar - praktisk og pedagogisk oppfølging av nyutdanna legar. Høyring

Vedlagte rapport IS-1783 *Nybyrjarstilling for legar – praktisk og pedagogisk oppfølging av nyutdanna legar* er resultat av eit oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet om å vurdere turnustenesta for legar. Utgreiinga er ei oppfølging av Helsedirektoratet sin rapport *Turnustjenesten for leger – en helhetlig gjennomgang* frå mars 2008.

Helse- og omsorgsdepartementet har nå bede direktoratet om å sende rapporten ut på ei brei tilrettelagt høyring som sikrar innspel frå aktuelle partar. For å lette arbeidet med å systematisere og oppsummere høyringssvara ber Helsedirektoratet om tilbakemelding på nokre særskilte område.

Høyringsfristen er sett til 30. juni 2010.

Rapporten inneheld ei rekkje forslag og vurderingar. Helsedirektoratet vil be om tilbakemeldingar på forslaga under og at svara følgjer nummereringa som er gitt:

1. Forslaget om nybyrjarstilling. Helsedirektoratet føreslår at dagens turnusteneste blir erstatta med to års nybyrjarstilling, fordelt med eitt år i spesialisthelsetenesta og eitt år i kommunehelsetenesta, som del av spesialistutdanning for legar. Forslaget må konkretiserast og vidareutviklast i samband med den varsla gjennomgangen av spesialistordningane for helsepersonell.
2. Det faglege fokuset i dagens turnusteneste er føreslått vidareført og vidareutvikla i nybyrjarstillinga. Følgjande faglege dimensjonar er vektlagt i forslag til ordning:
 - Trening i kommunikasjon og samarbeid med pasientar og pårørande
 - Trening i klinisk arbeidsmåte
 - Handtering av akutte tilstandar
 - Samhandling, systemforståing og samarbeid med anna personell
3. Statleg styring med oppretting av talet på legestillingar. Dagens turnusordning inneber ei statleg plikt om å opprette turnusstillingar for alle som melder seg til turnusteneste. Dette svekkjer den statlege styringa av talet på legestillingar i

landet og utfordrar bæreevna til helsetenesta i ei tid med utsikter til eit visst legeoverskot. Forslaget legg vekt på at det skal vere befolkninga og helsetenesta sine behov for legar og ikkje søkjarmassen til turnusteneste som skal avgjere kor mange stillingar landet treng framover.

4. Ordinære ansvarsliner ved tilsetjing. Forslaget inneber at dei ordinære ansvarslinene for tilsetjing skal gjelde for nyutdanna legar. Omlegginga vil gjere ansvaret for både arbeidstakar og arbeidsgjevar meir tydeleg. Ordninga med loddtrekking av turnusstad og plikta til å tenestegjere på tilvist turnusplass fell bort. Søknadsmengda til særordningar som t.d. særplassering utfordrar turnusordninga. Forslaget ønskjer m.a. å redusere kjønnsdiskriminerande følgjer av dagens ordning.
5. Styrking av kommunane. Forslaget inneber ei dobla tenestelengd for nyutdanna legar i kommunane og dermed også fleire nybyrjarstillingar i forhold til dagens turnusstillingar. Helsedirektoratet meiner at dette bidrar til å styrke legetenesta i kommunane, kvantitativt og kvalitativt. Målet er at alle legar, uansett vidare spesialiseringsretning, blir kjent med kommunehelsetenesta. Distriktskommunar og lokalsjukehus vil i forslaget ha ei viktig rolle som opplæringsarena for nyutdanna legar. Helsedirektoratet rår til å nytte ei tilsvarande nasjonal styring for oppretting av nybyrjarstillingar som for turnusstillingar og å prioritere oppretting av nybyrjarstillingar til distrikta.

Generelle merknader

Høyringsinstansane kan sjølvstøtt også gi tilbakemeldingar generelt i forhold til innhaldet i rapporten, beskriving av turnustenesta og utfordringar i dagens ordning, vurderingar og andre tema som høyringsinstansane ser som viktige.

Andre forslag

Likeeins ønskjer Helsedirektoratet konkrete innspel og forslag til verkemiddel og løysingar på forslag i rapporten som førebels ikkje er grundig utvikla; t.d. kvalitativt innhald i nybyrjarstillingar, administrative utfordringar kring tilsetjingar, kapasitetsutfordringar (vegledning og stillingar), tiltak som kan sikre nybyrjarstillingar i heile landet.

Rapport IS-1783 kan bestillast frå trykksaksekspedisjonen trykksak@helsedir.no eller lastast ned frå <http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/rapporter/nybyrjarstilling>.

Vennleg helsing

Bjørn Guldvog e.f.
assisterande direktør


Jon Hilmar Iversen
divisjonsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk

Mottakarar:

Akademikerne
ANSA (Association of Norwegian Students Abroad)
Datatilsynet
Den Norske Jordmorforening
Den norske Kreftforening
Den norske tannlegeforening
Den norske legeforening
De regionale kompetansesentre for rusmiddelspørsmål
Fagforbundet
Fellesorganisasjonen FO
Farmasi Forbundet
Forbrukerombudet
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
Kliniske ernæringsfysiologers forening
Kommunenes Sentralforbund (KS)
Konkurransetilsynet
Landets fylkesmenn / Sysselemanden på Svalbard
Landets kommunar
Landets regionale helseføretak
Landets høgskolar (m/helsefagleg utdanning)
Landets universitet
Landsforeningen for Hjerte- og Lungesyke
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Likestillings- og diskrimineringsombudet
Mental Helse Norge
Nasjonalt folkehelseinstitutt
Nasjonalforeningen for folkehelsen
Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten
Nasjonalt råd for spesialistutdanning av leger og legefording
Nasjonalt senter for distriktsmedisin, UiT
NOKUT
Norges Farmaceutiske Forening
Norges Handikapforbund
Norges Optikerforbund
Norges Røde Kors
Norges Tannteknikerforbund
Norsk audiografforbund
Norsk Ergoterapeutforbund
Norsk Forskerforbund
Norsk Fysioterapeutforbund
Norsk Helse- og Sosiallederlag
Norsk Helsesekretærforbund
Norsk Kiropraktikerforening
Norsk kompetansesenter for legevaktsmedisin (NKLM)
Norsk Pasientforening
Norsk Psykologforening
Norsk Radiografforbund
Norsk Studentunion
Norsk Sykepleierforbund
Norsk sykehus- og helsetjenesteforening (NSH)

Norsk Tannpleierforening
Norsk Tjenestemannslag (NTL)
Norske Fotterapeuters Forbund
Norske Ortoptister forening
Næringslivets Hovedorganisasjon NHO
Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund
Rådet for psykisk helse
SABORG – Sammenslutning for alternativ behandlerorganisasjoner
Sametinget
Samfunnsviternes fagforening
Sivilombudsmannen
SPEKTER
Statens autorisasjonskontor for helsepersonell
Statens Helsepersonellnemnd
Statens helsetilsyn
Statens legemiddelverk
UNIO
Universitets- og høyskoleutdannedes forbund
Universitets- og høgskolerådet
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund (YS)